

Aktiv formidling - prosjektrapport for prosjektet «Litteratur og livsmestring»

Prosjektperiode: august 2023 – april 2024.

Organisering

Lærdal folkebibliotek har eigd prosjektet og gjennomført dette i samarbeid med Lærdalsøyri skule, Borgund oppvekst, helsesjukepleiar/prosjektleder «Tett på» og Kosen ungdomsklubb.

Bakgrunn

Prosjektet skulle ta tak i eit synkende utlån av ungdomslitteratur til målgruppa ved å møte ungdommane med litteratur på ulike arena. Me ville også sjå på korleis me kan bruke litteratur for å fremje livsmestring, og møta ungdom både i klasserommet, på ungdomsklubben og digitale flater.

Hovudmåla med prosjektet var:

- Auke leselysta hjå ungdommane i kommunen
- Styrke litteraturkompetansen til vaksne som ungdom møter på skulen og på fritida.
- Bruke litteratur som eit reiskap for livsmestring

Gjennomføring

Prosjektet kom i gang i september 2023. Me starta med å arrangere møter med lærarane, helsesjukepleiar og ungdomsklubben for å kartlegge kva som skulle til for å få gjennomført prosjektet.

I desember hadde me dei fyrste formidlingsopplegga for ungdomstrinnet. Me gjennomførte dette fire gonger per klasse, totalt 12 formidlingsopplegg. Opplegga vart gjennomført etter avtale med lærarane i norsktimane. Lærarane fekk tilbod om dei ville me skulle trekke inn tema eller enkelte bøker som kunne kombinerast med det dei hadde i timane elles, men tilbakemeldinga her var at lærarane ville at me skulle formidle bøker til lystlesing, noko som også var biblioteket sitt mål. Difor la me fleire av opplegga tett opp til skuleferiane, slik at elevane fekk høve til å låne med seg bøker heim til desse.

Kvart formidlingsopplegg tok totalt ein skuletime, der me fyrste halvtimen presenterte eit utval bøker og tema i klasserommet til elevane, deretter fekk dei høve til å låne bøkene. På kvar runde starta eg med ein kort presentasjon av viktigeita med lesing eller korleis litteratur kan bidra til betre livsmestring. Det vart formidla ulike bøker kvar gong, og i hovudsak var det nye bøker som vart presentert. Omkring 6-10 bøker vart presentert på kvar gong.

I etterkant av fyrste formidlingsopplegg ba eg elevane om innspel gjennom ei spørjeundersøking, for å finne ut av kva tema dei var opptekne av. Bøker med tema som vart spelt inn vart formidla. Kvar opplegg vart skreddarsydd for dei ulike klassane etter at eg såg kva bøker som vart utlånt og korleis reaksjonen deira var då eg snakka om bøkene. Omtrent 85 % av bøkene eg snakka om vart utlånt, noko som syner at prosjektet gav resultatet me ynskja.

I samarbeid med ungdomsklubben har me fått opp minibibliotek i fleire av romma på klubben. Her har me hengt opp tallerkenhyller som stiller ut ungdomsbøker som har vore formidla i klasseromma. På denne måten har me gjort bøkene meir tilgjengelege for ungdommane og dei administrerer utlånet sjølv.

Me har hatt eit samarbeidsprosjekt med helsesøster på skulen kring formidling av litteratur til 7. trinn på begge skulane i kommunen, og arrangerte ein felles dag med dei to klassane som skal gå saman til hausten når dei byrjar på ungdomsskulen. Opplegget vart knytt til krimlitteratur for ungdom og me hadde formidling av bøker i tillegg til ein litterær verkstad med skriveoppgåver med utgangspunkt i søk som vart gjort i Nasjonalbiblioteket sitt nettbibliotek. Målet var å bruke litteratur som utgangspunkt for ulike samarbeid på tvers av dei to klassane.

Evaluering

Dette var fyrste gong me gjennomførte eit slikt tiltak for ungdomsskuleelevar, og omtrent alle bøker som har blitt formidla har blitt utlånt. Sidan me ofte berre har eitt eksemplar av kvar bok, har det gjerne blitt kamp om den eine boka. Eg har variert på å ta bøker som er heilt nye og bøker som er 10-30 år gamle.

Mange av ungdomsbøkene hadde lite utlån tidlegare og elevane lånte i hovudsak barnebøker eller engelske bøker då dei skulle velje bøker fritt. Etter desse rundane har dei i større grad valt ungdomslitteratur når dei skal låne bøker.

Me ser at det å formidle bøkene til elevane har hatt god effekt. Ved å komme inn i klasseromma deira har me vore meir på deira heimebane. No brukar ungdommane mykje biblioteket elles då det er lokalisert på skulen, men dei har lånt lite frå ungdomsbokhylla. Dette har me sett ei endring på no. Me håpar å halde fram med dette tilbodet også til neste år, men ser at det er ressurskrevjande så me er avhengig av ein fast auke i ressursane på biblioteket for å få dette til.